



LEIAR

BENGT FLATEN
ansvarleg redaktør
og dagleg leiar

Lim og samlingsstad

I helga feira Aldaheim i Olden 100 år. Bygget som vert drive av ungdomslaget i bygda er både samlingspunkt og lim i lokalsamfunnet. Aldaheim blir brukt til konsertar, øvingar, bygdefester og mange andre aktivitetar. I Olden som andre stader vil vi tru at aktiviteten har vore varierende opp gjennom åra. Bodskapan frå ungdomslaget som inviterte til feiring var likevel klar: Aldaheim er ein høgst oppegående jublant som er klar til å ta fatt på dei neste 100 år.

Det å ha ein samlingsplass i bygda er viktig. I Nordfjord har tradisjonen med ungdomslag og ungdomshus stått sterkt, sjølv om dei knapt kan kallast ungdomar lenger, dei som legg ned flest timar både i vedlikehald og aktivitet. Som så mykje anna i bygdene skjer mesteparten av slikt arbeid på dugnad, av godt vaksne sambygdingar.

Gratulerer med 100 års jubileet i Olden

Høgdepunktet under feiringa av og i Aldaheim laurdag var framsyning av filmen som viser dagleglivet i Olden gjennom siste 100 år. Ungdomslaget og Steinar Hilde i Innvik Filmdigitalisering har saman lagt ned eit stort og viktig arbeid i å samle materiale og lage det historiske dokumentet filmen er blitt. Filmen femner vidt og fungerte dermed godt som lokal historie-tid for den fullsette salen som var benka til framsyning.

Steinar Hilde har tidlegare laga film om Innvik frå 1814 til 2014. Også den framsyninga var populær. Det å samle bilde og filmmateriale og skape lokalhistorisk film, kan vere god ide for fleire. Når filmene strekkjer seg heilt inn i vår tid, vil mange i salen anten sjå seg sjølv i yngre utgåve, eller folk ein kjenner eller er i familie med. Då er det og store sjansar for at framsyninga vert ei stor og positiv oppleving, slik han vart under feiringa av Aldaheim.

Gratulerer med 100 års jubileet i Olden, og ikkje minst med spennande filmprosjekt. Forhåpentleg til inspirasjon for fleire.

Telefon 57 87 45 00

Opningstid: 8.30–15.30, måndag–fredag
Utgjevsdagar: Tysdag og fredag

www.fjordingen.no

PFU Fjordingen vil rette seg etter reglane for god presseskikk, slik dei er nedfelte i pressa sin «Ver Varsam»-plakat. Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, vert beden om å kontakte redaktøren.

Det er også høve å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, postboks 46, Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40

Kjerringaspranget, Elvakjerringa og Kjeringi Open


I fylket vårt er det registrert 353 stadnamn der ordet «kjerring» er brukt. Det finst kanskje eit liknande antall namn med «mann». Bruken av synonyma «kone», «kvinne» og «dame» finst knapt, berre «taus» = tenestejente førekjem i ca. 40 namn. «Kjerring» er omtrent einerådande.

Ordet kjerring er hos oss eigentleg eit nøytralt ord, sjølv om det kan brukast som skjellsord. Den nedsetjande tydinga finn vi mest på Austlandet. Det er ei avleiing av «karl m» = vaksen og fri mann, på moderne norsk «kar» eller «kall». Den norrøne forma var «kerling». I gamle utgåver av Bibelen presterste dei å oversette det til «manninne»! «Kvinne» kjem frå «kvenna», som er genitiv fleirtal av norrønt «kona f». «Queen» på engelsk har same opphav.

Det er altså ikkje slik at kjerring er ei mannen har «kjær», sjølv om det kunne vere ei hyggeleg forklaring.

Bakgrunnen for namnegjevinga er sjeldan oppgitt og ofte uklår. Men samansette namn som Kjerringskaret, Kjerringaspranget, Kjerringaskora, Kjerringatjønnna, Kjerringahillaren og Kjerringahammaren viser til hendingar som har skjedd, t.d. ulukker og uhell, eller til arbeid som kjerringane har utført. I Kjerringskora (Høy) sat dei og mjølka kyrne, i Kjerringtjønnna (Sol) vaska dei hendene etter mjølkinga, Kjerringslættet (Aur) var «stuttorvslætte for kjerringar». Kjerringaspranget (Bale) fekk namnet sitt fordi ei Kari hoppa over elva fordi

ordognamn



«Dette er ein serie av artiklar med stadnamn frå ulike bygder i Stryn kommune. Namna er henta frå Stadnamnarkivet i Sogn og Fjordane.»

Kristian Solvang

mannen var etter ho. Ho kom seg over, men ikkje han! I Kjerringahola (Lær) skal ein fant ha gitt kjerringa bank, og Kjerringestykket (Fjal) har vore kåråker. Det var nok helst einselege kvinner, enkjer eller husmannskjerringar som fekk namnet sitt knytt til stadnamn. Men då vart dei ofte nemnde med namn: Dorteckvia og Borgnyhola.

Det er påfallane mange kjerringar som har frose i hel eller drukna - men sjeldan karar! Det tyder på at forklaringar kan vere oppdikta. Om Kjerringskaret på Nordsida seiest det at ei kjerring har frose i hel. Det same skal ha skjedd på altfor mange stader, bl.a. i Kjerringhillaren, også kalla Durdeihillaren (Brem) og ved Kjerringsteinen (Horn). Det nemnde skaret på Nordsida

trur eg eigentleg heiter Skjerringaskaret, det går på skrå. Det er lett å forveksle skj- og kj-. Kjerringevadet (Brem) skal visst vere Køyringevadet. Ei kone datt på fjorden og drukna i Kjerringahola (Vik), det same skjedde i Kjerringtjønnna (Jølst).

I Leikanger arrangerer dei kvar vår Kjeringi Open, «varens vidlaste eventyr». Kven kjem først ned til fjorden frå Kjeringsfjell (1314 m)? Her møter vi ein annan namnetradisjon, både «kjerring» og «mann» brukt som namn på steinar og fjell. Kjerringafjellet eller Kjerringi finn vi både i Leikanger, Vik og Gulen. Ei mengde steinar ber dette namnet. Kjerringa (Jølst) er ein stein i fjellet, skapt som ei sitjande kone med vid stakk og øyre på kvar side av toppen. Steinen Tjukkekjerringa ligg i Naustadal, Elvakjerringa i Fjaler. Både i Lindvik og på Skår står steinen Kjerringa. I Jølster står det ei steinhelle i ein stølsveg med namnet «Kjerringa hans Brigta-Lars». Han som bygde stølsvegen, var ein ugift dreng frå Sogn.

Langs kysten finst fleire fjell med dette namnet. Mest berømt er vel Kjerringa på Stad. Dei er nok namnsette frå havet. For fiskarar var «kjerring» eit tabuord, som førte ulukke med seg (inga kjerring i båten!). Difor fekk vanskelege og fårlege havstykke, utsette for ver og vind, namnet Kjerringa. «Kom vi rundt Kjerringa, var vi berga!» Det ligg vel i korta at namnet også var knytt til trollskap - trollkjerring.

REDAKSJON

redaksjon@fjordingen.no

Ansvarleg redaktør/ dagleg leiar
Bengt Flaten
Tlf 57 87 45 01 / 90 20 12 30
bengt.flaten@fjordingen.no

Redaksjonssjef Hans Holmøyvik
Tlf 57 87 45 07 / 41 62 51 25
hans.holmoyvik@fjordingen.no

Journalist Gunnhild Sindre
Tlf 57 87 45 08 / 90 05 59 56
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Journalist Sigrid Heggstad
Tlf 57 87 45 06 / 95 93 71 50
sigrid.heggstad@fjordingen.no

Journalist Roy Aron Myklebust
Tlf 57 87 45 05 / 90 58 14 78
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

Journalist Roger Oldeide
Tlf 57 87 45 10 / 98 24 46 35
roger.oldeide@fjordingen.no

Journalist Thomas Thaule
Tlf 57 87 45 07 / 91 84 87 97
thomas.thaule@fjordingen.no

MARKNADSAVDELING

annonse@fjordingen.no

Marknadssjef Ove André Aarskog
Tlf 57 87 45 02 / 91 86 20 02
ove.andre.aarskog@fjordingen.no

Marknadskonsulent
Elisabet Sandbakk Lunde
Tlf 57 87 45 09 / 48 15 71 69

Sekretær Mariann Nedre-Flo
Tlf. 57 87 45 00

Grafiker Olaug T. Aarøen, tlf 57 87 45 11
Grafiker Unni Skåre, tlf 57 87 45 12

FJORDINGEN

Adr: Postboks 248, 6781 Stryn
Besøksadresse: Myrane 7, Stryn

Sentralbord tlf. 57 87 45 00

ABONNEMENT

abonnement@fjordingen.no

Annonse- og abonnementsprisar sjå
www.fjordingen.no
eller kontakt oss på tlf. 57 87 45 00



Sprek 100-åring: – Aldaheim er ein høgst oppegåande 100-åring som er klar til å ta fatt på dei neste hundre, sa leiar i Olden ungdomslag, Jogeir Agjeld etter filmen. Aldaheim blir brukt både til konsertar, øvingar, bygdefestar og mykje meir, og Agjeld oppfordra bygdefolket til framleis å bruke bygget. Når ein rundar 100 år høyrer det sjølvstags også kake til. Etter filmfram-syninga samla folk seg i kjellaren der det var kaffi, saft og ikkje minst ei enorm jubileumskake.

Ein høgst oppegåande 100-åring

Eit fantastisk stykke arbeid er lagt ned i høve filmen laga om dagleglivet i Olden gjennom siste 100 år, med Aldaheim som sentral samlingsstad.

● **Thomas Thaulé**
thomas.thaule@fjordingen.no

Saman med Steinar Hilde i Innvik Filmdigitalisering har ungdomslaget i Olden lagt ned eit stort tal timar for å få laga dette historiske dokumentet frå dag-

leglivet i bygda. Ei skattekiste av ein film på nær ein og ein halv time var det den fullsette salen fekk servert laurdag, då Aldaheim feira sine første 100 år som samlingsstad i Olden.

Det var nok fleire som sat i salen som kjende att mange av personane som vart viste på filmrerretet.

Kjende att fleire

12 år gamle Tuva Vangberg var ei av dei som hadde teke turen til Aldaheim for å sjå filmen. Ho kunne avsløre at ho hadde sett litt av filmen på førehand, og ho visste at både besten og oldeforeldra var å sjå.

- Eg synest det er mange fine innslag i filmen, sa Tuva. Med seg hadde ho bestemor Anne Margrete Vangberg som også drog kjensel på mange personar i filmen.

-Eg har budd mesteparten av

“Aldaheim er klar til å ta fatt på dei neste hundre åra
Jogeir Agjeld
leiar i Olden ungdomslag

livet mitt i Olden, og eg har også vore aktiv i ungdomslaget. Dette vert spennande å sjå, sa Vangberg før filmen starta.

Skattekiste

Filmten tok publikum med på ei vandring gjennom bygda, og gode minne, men også dramatiske, viste eit samfunn som har utvikla seg i takt med tida. Her fekk ein sjå folk i arbeid, bryllaup på Aldaheim, ein fekk innblikk i private heimar og samtalar om dagleglivet.

Her var dei første turistane i Olden, vi fekk sjå bukta med cruiseskip frå gamal og nyare

tid, familien Singer og deira betydning for bygda, og vi fekk sjå dramatiske bilete frå brannen ved Yris hotell i 1977.

Også kyrkjestriden om ny eller gamal kyrkje fekk si tilmålte tid på filmen. Her var også hornmusikk og 17. mai-feiring, industrireise og glimt frå Oldendagane og veghistoria til strekninga Olden-Innvik.

Imponert ordførar

Ordførar Sven Flo var imponert over arbeidet som har blitt lagt ned i samband med filmen. - Dette var ei fantastisk reise, og eit interessant historisk vitnesbyrd av Olden.



Fullt hus: Det var ikkje eit sete ledig i Aldaheim då ungdomslaget i Olden inviterte til filmfram-syning laurdag. Filmten begeistra dei framsmøtte som fleire gonger drog på smilen undervegs.



Kjende att fleire: Tuva Vangberg (12) likte filmten veldig godt, og ho kjende fleire som var med i filmten.



Imponert: Ordførar Sven Flo overrekte gåve på vegner av kommunen til leiar i Olden ungdomslag, Jogeir Agjeld.